

Jasså, si'ru det?!

Eit nyheitsbrev for innbyggjarane i Gol!

1. utgåve 2017

I detta nummeret:

- 1 Ordføraren fortel
- 2 Nyheiter frå kommunen
- 3 Nyheiter frå Visit Gol
- 4 Nyheiter frå kultur
- 5 Nyheiter frå idretten
- 6 Nyheiter frå frivilligheten
- 7 Kjekt å hugse på!
- 8 Ko skjer?



*«Då ain `kji fær
nattero, har ain `kji
dagen got»*

Søgnir frå Hallingdal

*«Den, som har større
sinne enn vet, gjere
jabnan galne strek»*

Søgnir frå Hallingdal

1. Ordføraren fortel

Endeleg har me fått til eit nyheitsbrev som eg vonar vil gje innbyggjarane i Gol mykje god og relevant informasjon! Det skjer utruleg mykje bra på Gol, og nettopp det ynskjer kommunen saman med friviljugheita å formidle ut til innbyggjarane. Sjølv om dette nummeret manglar bidrag frå fleire sektorar lev eg i trua på at i neste utgåve vil fleire nytte sjansen til å formidle det dei bidreg med i kvardagen som me alle lev i Gol. Mitt ynskje er at visjonen til Gol kommune får meining; Samarbeid formar framtida. Og ved å samarbeide får me til mykje meir! Dette er ein start på å få fleire aktørar til å samarbeide, men dette bidreg også til noko før samarbeide kan starte, nemleg å vite om einan. Eg ynskjer nyheitsbrevet velkommen, og vil takke kommunestyret for oppgåva eg fekk. No er me eit skritt vidare!

2. Nyheiter frå kommunen

Kommunane overtek borgarleg vigsel frå januar 2018. Kommunestyret vedtok reglement for kommunale vigslar i novembermøtet.

Gol kommune v / «Helseheimen» har mottatt ei testamentarisk gåve på kr. 1 000 000,- frå Kristoffer og Bjørg Rust. I tråd med testamentet vil gåva bli nytta til innkjøp, aktivitetar og liknande som ikkje er ein del av den ordinære drifta av tenesta. Gåva skal vere eit tilskot til bebuarane der. Gol kommune er svært takksam for gåva, og vil nytte denne til beste for bebuarane på Helsetunet i Gol.

Også i vinter køyrer Lions ut strøysand til eldre og forflyttningshemma i Gol kommune. For å bestille ring til tenestetorget på telefon 32 02 90 00 mellom kl. 09.00 - 15.00 måndag til fredag. Utkøyringa skjer ca. den 1. og 15. i månaden. Dette er gratis.

3. Nyheiter frå Visit Gol

Hvert nummer er avhengig av at hvert enkelt lag og organisasjon bidrar med tekst om sine aktivitetar. I neste nummer er denne plassen avsatt til nyheter fra Visit Gol. For bidrag frå kultur, send til: frigol@online.no

4. Nyheter frå kultur:

Hvert nummer er avhengig av at hvert enkelt lag og organisasjon bidrar med tekst om sine aktivitetar. I neste nummer er denne plassen avsatt til nyheter fra kultur. For bidrag frå kultur, send til: frigol@online.no

5. Nyheiter frå Idretten:

Hvert nummer er avhengig av at hvert enkelt lag og organisasjon bidrar med tekst om sine aktivitetar. I neste nummer er denne plassen avsatt til nyheter fra kultur. For bidrag frå idrett, send til: golidrettsarena@gmail.com

6. Nyheiter frå frivilligheten:



4H Norge er en stor og aktiv organisasjon med ca. 14 000 medlemmer fordelt på ca. 600 4H-klubber over hele landet. I 4H kan medlemma utvikle seg sjølv, vera del av eit sosialt fellesskap der alle har omsorg for kvarandre. Det er ikkje spesielle krav for å bli medlem. I Gol er det tre 4H klubbar, Åsgardane 4H, Rotneim 4H og Fossekallen 4H. Dei tre klubbane har ca. 50 medlemmer i alderen 10 – 18 år. Me har møte ca. ein gong i månaden og møtedagen varierar frå gong til gong. 4H året startar i januar og varar til november, med haustfest som eit av høgdepunkta. Der presenterar medlemma prosjekta dei har jobba med gjennom året. Andre aktivitetar som vi heldt på med gjennom året er aking, uteaktivitetar, kanopadling, matlaging ute og inne, leikar, vollyball og ikkje minst å vera med på leir! Høyres dette spennande ut ta kontakt med: Anniken Haugstad – 45295093 i Åsgardane 4H, Gry Haavelmoen – 90413613 i Rotneim 4H, Gerd Storebråten – 45459636 i Fossekallen 4H



Frelsesarmeen Hallingdal korps. Her finn du matsentral, kjøkken og rom for samtale, aktivitet, fellesskap og gudsteneste. Slagordet Suppe, såpe, frelse har følgd Frelsesarmeen sidan starten. Frelsesarmeen har skifta uttrykk og arbeidsformer gjennom tidene, men slagordet suppe-såpe-frelse står fast og skal prege arbeidet til Frelsesarmeen, både i Hallingdal og i resten av verda.

Frelsesarmeen tek imot pengegåver og andre gåver, blant anna i JULEGRYTA, som er øyremerka hjelp til menneske som av ulike grunnar treng litt ekstra omtanke i form av menneskeleg, praktisk og økonomisk støtte, både til jul og elles i året. Vi har matutdeling heile året, og til jul deler vi ut litt ekstra, til dømes julemat, julegåver, gavekort, julehelsingar til einsame og eldre, julegåver og opplevingar til barn.

Kontaktinformasjon: Frelsesarmeen Hallingdal korps, Gymnasvegen 3. Telefon: 32074268
E-post: hallingdal@frelsesarmeen.no Bankkonto: 2320.17.65250



Frivilligsentralen på Gol har eksistert i litt over 25 år. Pr i dag har Sentralen litt over 120 aktive frivillige som stiller opp alt fra en time i uka til 10 timer pr uke. I løpet av året har vi kontakt med rundt 200 brukere av våre tjenester. Våre faste aktiviteter er:

Aktivitetsstret som er på mandager for brukere over 75 år. Senior Kafé på onsdager. Torsdagstreff for flerkulturelle kvinner. Egen dataklubb på torsdager og fredager for voksne. Fredagsdans hver 3. fredag i mnd. Utkjøring av varmmat, hver dag, til brukere i kommunen. Turvenn/besøksvenn. Forskjellig kjøring til og fra for brukere. Gå for livet. Musikkverksted. Julaften for alle.

Vi har alltid behov for flere frivillige, ta kontakt på mobil: 97 00 35 09 eller e-post:

frigol@online.no Se mer informasjon på www.gol.frivilligsentral.no

Gol Helselag er en frivillig organisasjon som arbeider for helse og trivsel i bygda. Vi er tilsluttet Nasjonalforeningen for folkehelsen (Nff) sentralt. Våre merkesaker er hjerte- og karsykdommer, eldre med vekt på demens, barn og familie, integrering av flyktninger, og vi driver Frivilligsentralen Gol med mange aktiviteter.

Nasjonalforeningen for folkehelsen Gol Helselag fikk i 2008 ei stor gave. Haldor E. Jondalen testamenterte alt han eide til Nasjonalforeningen for folkehelsen Gol Helselag. Rentene skal hvert år brukes til hyggelige” ting” for eldre i Gol. Vi prøver etter beste evne å forvalte gava slik at flest mulig har glede av den. Vi tar også gjerne imot tips til aktiviteter gava kan være med å realisere. Nasjonalforeningen Gol Helselag har i flere år drevet et flerkulturelt kvinneprosjekt sammen med Gol Røde Kors og Diakoniutvalget i Gol. Vi møtes en torsdag i måneden på Helselagsstugu. Hvert møte har et tema med foredragsholder. Vi spiser mat fra forskjellige land, hygger oss, prater norsk og har gjerne litt underholdning, sang, dans/leik. Kontaktperson: Åshild Knutsmoen, mobil 90 51 68 86

Jasså, si` ru det?

Småjobben i Gol er eit prosjekt som har til føremål å skaffe eldre og funksjonshemma hjelp med små oppgåver i dagleglivet – oppgåver som dei sjølve har problem med å meistre. Ei gruppe av hjelparar har knytt seg til Småjobben, og desse dekker til saman eit vidt spekter av arbeidsoppgåver. Oppdraga kan vere alt frå å skifte lyspærer til felling av mindre tre. Typiske oppgåver er hagearbeid, snørydding, syarbeid, bilvask eller å følgje til lege/tannlege/butikk. Det er altså snakk om små arbeidsoppdrag som ingen andre har plikt til å ta seg av, og som er av ein slik karakter at ein ikkje går profesjonelle aktørar i næringa. Tenesta er rimeleg – du betaler 100 kr timen. Utgifter til eventuell bilbruk kjem i tillegg. For tida ser vi at vi gjerne skulle hatt fleire folk i ”stallen”. Skulle difor du ha tid og lyst til å gi ei handsrekning til nokon som treng det, er du hjarteleg velkomen som småjobbar. Den har telefonnummer 408 01 968 og her er det folk å treffe kvar måndag, tysdag og onsdag mellom klokka 10 og 12

Seniortrimmen er ei gruppe av ”godt vaksne” golvingar som møtest to gonger i veka (måndag og torsdag) til fysiske og sosiale impulsar. Treffstaden er klubbhuset på Hallingmo. Herifrå startar vi med ein gåtur – kvar i sitt tempo – på vegar og stigar i nærområdet. Etter ein time er det samling til felles trimopplegg i underetasjen. Her går det i strekk, tøy og bøy, lyft, press og balanse. Denne trimøkta varer bortimot ein time, og så avsluttar vi med samling til kaffi og sosialt samrøre!



I tillegg til dei to faste trimøktene kvar veke, samlast vi til festlege avslutningar både før jul og sommar. Det blir også lagt opp til felles turar både til fjells og til syden for dei som har lyst. Pr i dag er det om lag 75 aktive i seniortrimmen – ei fin blanding av bae kjønn aldersfordelt frå 66 til 90 år og med ein gjennomsnittsalder omkring 76 år. Det er grundig dokumentert at fysisk aktivitet er viktig – spesielt gjeld dette for oss eldre. Så derfor: Kom deg opp av godstolen og møt fram ved klubbhuset på Hallingmo måndag eller torsdag kl 10. Der vil du bli tatt vel vare på i eit triveleg miljø fritt for prestasjonspress!

Gol Husflidslag heldt hus på Tingstugu. Me ha 177 medlemmer, av disse er 56 med i Ung Husflid. Det er stor aktivitet på Tingstugu med kurs, studieringer og aktiviteter. To ettermiddager i uken er det Ung Husflid. Våre årlege arrangement er deltagelse på Fårefestivalen og Julemarked. Se vår nettside: www.golhusflidslag.no og facebook siden vår for mer info. Oversikt over kurs for første halv år 2018 kjem i januar. Leder Sissel Bjørøen tlf. 48 03 20 96.



Jasså, si'ru det?

7. Kjekt å hugse på:

Få posten frå kommunen digitalt. Stortinget har bestemt at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen i kommunane. Gol kommune har starta opp med digital utsending av brev til innbyggjarar og næringsliv. Kanalane vi nyttar er krypterte så det er trygt å motta brev, sjølv om det har sensitivt innhald. Vi vonar overgangen til digital post er ei god ordning for deg som til vanleg nyttar digitale løysingar. Gå inn på kommunens heimeside for å sjå oppskrift på korleis du opprettar digital postkasse.

Skattekontoret på Gol stengte dørene 1. juni. Næraste kontor er no Skatt Øst, Leira i Valdres. Leira har ID-kontrollar kvar torsdag kl. 09.00 - 14.30. Pr. no har Skatt Øst avtale om å avhalde ID-kontroll ved turistkontora i Hemsedal og på Geilo i haust. For tider, sjå kommunens heimesider.

Det er mogleg å nytte svømmehallen. Bassenget er 25 x 12,5 m med stupeallar, 5 banar og temperaturen er 29 grader. Det er 1 badstove i kvar garderobe. Opningstider er tysdag og torsdag til desse tidene: kl. 17.00 - 18.45 familiebadning, kl. 19.00 - 20.45 vaksne. På laurdagar kan ein nytte svømmehallen frå kl. 11 - 14.45 for alle.(fom veke 41 - tom veke 11) Born som ikkje kan symje må ha følgje med vaksne.

8. Ko skjer?

Bruk også kommunens nettsider samt Visit Gol si heimesider for oppdatert aktivitetskalendar:

Julekonsert i Gol kyrkje med Ole Paus	21. des	
Julaften for alle	24. des	
Hallingcup i Futsal	19. - 21. jan	<i>Me sjåast på Gol!</i>
Golsfjellet rundt/måneskinnsrennet	17. – 18. feb	
RX2 on ice	03. mars	
Slarverennet	06. – 08. apr	

OBS! OBS! OBS!

Om du ynskjer å få fleire nyheitsbrev til deg vil denne kun vera tilgjengeleg gratis elektronisk etter 2 utgåve. Vennleg send di e-postadresse til: trond.johansen@gol.kommune.no for å teikne gratis abonnement.

Om du ikkje har internett eller e-post tilgang kan du teikne eit abonnement der ein betalar sjølvkostprisen for trykk og utsending på kr 15,- pr utsending. Vennleg send di postadresse til: trond.johansen@gol.kommune.no eller meld inn på telefon: 97 00 35 09

Julaften for alle - Gratis rusfritt arrangement

Noen lag og organisasjonar i Gol tilbyr for fjerde året på rad en tradisjonell og sosial julaften for de som måtte ønske det. Mange savner noen å være sammen med julaften, enslige, par eller barnefamilier. Kort sagt er målet med arrangementet å gi muligheten til å feire kvelden sammen med andre. For mange kan julaften være den tyngste kvelden i året. Da kan behovet for å treffe medmennesker være størst. Tilbud om transport til og fra arrangementet. Tilbud om en «før-julekveld» for å bli litt kjent med dem man skal feire julaften med. Onsdag 20/12, kl. 18.00 Påmelding til Trond på Frivilligsentralen, enten på mobil: 97 00 35 09 eller e-post: frigol@online.no Påmeldingsfrist: Torsdag 21/12